

# Program for Hjelmeland SV 2023-2027

## Grønt og mangfaldig

Hjelmeland SV vil verna om velferdssamfunnet, ta vare på den uerstattelege naturen vår og ha eit mangfaldig kultur- og næringsliv.

Gode kommunale tenester til innbyggjarane er avgjerande for eit trygt og godt samfunn. Hjelmeland kommune skal tilby tenester av høg kvalitet og vera ein trygg arbeidsstad.

## SV-kommunen

- Ha god bemanning med kompetent personale i barnehage og skule
- Ha ein god kulturskule med eit mangfaldig tilbod
- Samla heildøgn helse- og omsorgstenester i kommunen på ein stad
- Ha eit godt kollektivtilbod til innbyggjarane med buss, ferje og hurtigbåt
- Prioritera vedlikehald av kommunale vegar, bygg og utleigebustader
- Tilby heiltidsstillingar til kommunen sine tilsette
- Ha fleire kompetente tilsette framfor å leiga inn kostbare vikarar og konsulentar

## Klimapolitikk

For å begrensa klimaendringane er me nøydde til, drastisk, å redusera utsleppa av klimagassar. SV vil

- betra tilhøva for gåande og syklande langs kommunale vegar
- ha som mål at anleggsverksemd og byggeplassar i kommunal regi skal vera fossilfrie i løpet av perioden
- Erstatte kommunale køyretøy med elektriske når det er mogleg
- Gjennomføre ENØK tiltak og bruke meir alternative energikjelder på kommunale bygg

## Vern av natur og miljø

Forureining, utbygging og anna menneskeleg aktivitet gjer at planter, insekt og dyr forsvinn. SV vil

- ha netto nulltap av natur som eit overordna mål
- ha ei streng handheving av byggjeforbodet i strandsona
- leggja til rette for at innbyggjarar og bedrifter kan ta grønne val
- verna verdifulle naturtypar
- ha eit sterkt vern av matjord
- leggje til rette for blomar og natureng langs vegar og ved kommunale bygg

## Ein kommune for alle

Hjelmeland skal vera ein kommune der alle kjenner seg inkluderte og aksepterte. SV vil at

- kommunen skal arbeida mot diskriminering på grunnlag av hudfarge, kjønn, alder, seksuell orientering og funksjonsevne i all si verksemd

- regnbogeflagget skal heisast ved kommunehuset i juni for å markera støtte til skeivt mangfald og inkludering

## Næringsliv og bustader

Bruk av naturressursar som skogbruk, jordbruk, havbruk og masseuttak er viktig i kommunen vår. For å bli eit levande, livskraftig samfunn må Hjelmeland ha bustader og eit mangfald av små og store arbeidsplassar. SV vil

- auka bruk av husbanken sine verkemiddel for å få tilrettelagde bustader slik at barnefamiljar, unge uføre og andre utsette grupper kan få sin eigen bustad
- realisera fleire rimelege, mindre og sentrumsnære bustader i samarbeid med næringslivet
- ha eit aktivt skogbruk med meir klima- og naturvennlege driftsmåtar
- stimulera til mangfaldig landbruk og næringsutvikling
- Ha oppdrettsverksemd som ikkje forureinar med rømd fisk, lakselus eller kjemikaliar
- Prioritera lokal leverandørar av varer og tenester ved kommunale innkjøp
- Leggja til rette for eit variert reiseliv basert på våre tradisjonar og eigenart i Hjelmeland
- Følgje kommuneplanen når det gjeld arealdisponering og tilrettelegging for næring
- Handlingsplan for næring som sak i kommunestyret ein gong i året

**Handlingsplan for næring** er ein del av styringsdokumenta til kommunen og byggjer på næringsstrategien i kommuneplanen. Den oppsummerer konkrete og prioriterte tiltak 2 år framover. Hjelmeland SV meiner dette er eit viktig dokument for å utvikla næringslivet i kommunen.

## Skogbruk

Skog i vekst bind karbon og er effektivt for klimarekneskapen. Biologisk binding er naturen sin eigen måte å binda CO<sub>2</sub> på, og skog i vekst er det største landbaserte bindingssystemet. Skogen er også ei fornybar energikjelde. Primærskogbruket er ei viktig næring i Hjelmeland.

Hjelmeland SV vil

- Arbeida for at hogstareal i Hjelmeland blir sett i ny skogsdrift
- Stimulera til utvikling av nye produkt basert på skogsvirke
- Bruka meir lokalt trevirke som byggemateriale
- Stimulera til at avfall frå skogsdrift blir brukt i produksjon av bioenergi
- Arbeida for klimarådgjeving på enkeltbruk
- Informera fastbuande og gjester om skogen og skogbruket. (Brannfare, beitebruk skogstiar, søppel, allmenn ferdsel...).

## Jordbruk

Jordbruket er grunnlaget for dei flest bygdesamfunna i Hjelmeland.

Primærproduksjonen gjev arbeidsplassar også i mange service- og handels-næringar.

Hjelmeland SV vil

- Leggja til rette for lokal vidareforedling av lokale råvarer
- Stimulera til mangesysleri kombinert med gardsdrift
- Unngå nedbyggjing av dyrka jord
- Klimarådgeving på enkeltbruk